

Uttale frå skoleutvalet ved Surnadal vgs til kompetanse- og næringsurvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedr. tilbodsstrukturen ved Surnadal vgs.

Viser til sak om ny tilbod- og skolestruktur i Møre og Romsdal fylkeskommune. Saka skal endeleg behandlast i Fylkestinget 10. – 11. desember -25.

Skoleutvalet ved Surnadal vgs ynskjer å understreke på det sterkaste bekymring i samband med at påbygg til generell studiekompetanse no er foreslått teke ut av skolen sin tilbodsstruktur.

I samband med høyringa som vart gjennomført før sjølve saka kom, uttalte skoleutvalet følgjande. Dette er framleis sterkt gjeldande:


Skoleutvalet støttar at det må vera tilbod om påbygg til generell studiekompetanse på Indre Nordmøre, men meiner at tilbodet bør leggjast til Surnadal framfor Sunndal. Vi ser at det er marginale forskjellar på søkjartala til skolane. Inneverande skoleår var søkjartala lågast til Sunndal, noko som resulterte i at klassen ikkje vart starta der. I Surnadal var det nok elevar til å få starta klassen.

I høyringsdokumentet argumenterast det for at tilbodet etter ei samla vurdering er foreslått teke bort frå Surnadal, på grunnlag av geografisk plassering. Skoleutvalet meiner at ein heller når flest mogleg elevar ved å plassere tilbodet i Surnadal. Det blir da lettare tilgjengeleg for flest mogleg elevar i regionen. Sunndal har landfast forbindelse til byane, det har ikkje Surnadal, og det vil bli urimeleg langt å reise til Sunndal for elevane nord i Surnadalsregionen. Vi tenkjer da spesielt på elevane frå Rindal og gamle Halså, som kan velje Surnadal pga Trøndelagsavtalen. Dersom Surnadal vgs ikkje har tilbod om påbygg til generell studiekompetanse vil desse elevane velje bort Surnadal vgs. Dei vel da heller å starte vg1 på ein anna skole, for mange elevar fell da valet på ein skole i Trøndelag.

Sidan det i dag er berre Surnadal som har Pb 4, meiner skoleutvalet også det er naturleg at det er i Surnadal at tilbodet blir vidareført.

Om påbygg til generell studiekompetanse forsvinn frå tilbodsstrukturen til skolen vil dette få konsekvensar både for skolen og regionen.

Surnadal, 07.11.25



Hugo Pedersen

Leiar i skoleutvalet ved Surnadal vgs